

Vedlegg 2: inntektsberekning og føresetnader

I dette vedlegget vil det bli gjort kort greie for inntektsmodellen til KD og føresetnader som er lagt til grunn i berekninga av langtidsbudsjettet i 2017.

KD har frå 2016 til 2017 endra modellen dei nyttar til å berekne inntekta til institusjonane i sektoren. I langtidsbudsjettet frå 2016 var deler av endringane kjent, men det blei ikkje teke omsyn til det i berekninga. I 2017 er alle endringar kjent og teke inn i berekninga og fører til nokre endringar som blir omtala i dette vedlegget.

Berekning av inntekt 2017 →

Når KD bereknar inntekta til UiB er den grovt inndelt i tre deler:

- Inntekter som er varige, øyremerkte rekrutteringsstillingar og andre midlertidige tiltak (som rehabilitering av bygg)
- Inntekter i open ramme
- Inntekter i lukka ramme

Inntekter som er varige består av ramma frå KD som er historisk betinga av tidlegare tildelingar. Denne endrar seg med at tildelingar blir avvikla eller at det kjem nye til, for eksempel nye studieplasser og rekrutteringsstillingar. Det er også nokre tiltak som er meir eller mindre midlertidige, for eksempel rehabilitering av bygg. Denne potten kan bereknast på kjent informasjon, men dei tildelingane som er politisk motivert er vanskelegare å forutsjå.

KD ynskjer å motivere institusjonane til å oppretthalde/auke prestasjonane sine innan ein del område ved å gjere deler av inntekta til institusjonen resultatbasert. Dette har departementet delt inn i to deler, der måten å berekne inntekta på den største skilnaden.

Open ramme

I open ramme er inntekta basert på følgjande indikatorar:

- Antal utvekslingsstudentar
- Avlagte studiepoeng
- Gjennomførte grader
- Avlagte doktorgrader

I open ramme har kvar av indikator ein pris som vil endre seg med lønns- og priskompensasjon (LPK) i åra framover. Det betyr at prisen er kjent og det er prestasjonane til UiB som påverkar inntekta.

Lukka ramme

I lukka ramme er inntekta basert på følgjande indikatorar:

- Antal publiseringspoeng
- Faktisk BOA-aktivitet innan
 - o EU
 - o NFR
 - o Øvrig BOA-aktivitet (utan gåver og gåveforsterking)

I lukka ramme har KD sett av ein pott i sektoren til kvar av dei 4 forskjellige indikatorane som nemnt over. Det betyr at prisen per publiseringspoeng eller BOA-krone blir berekna på nytt kvart år basert på produksjonen av indikatoren i sektoren:

$$\frac{\text{ramme sektor publiseringspoeng}}{\text{antal publiseringspoeng i sektoren}} = \text{pris per publiseringspoeng}$$

Når prisen blir berekna på denne måten vil prisen per publiseringspoeng bli lågare dersom sektoren produserer meir poeng og høgare dersom det blir produsert mindre. I tillegg vil produksjonen til UiB påverke UiB si inntekt. Denne todelte effekten på inntekta kan føre til at UiB si samla inntekt kan gå ned sjølv om produksjonen av indikatoren held seg uendra eller aukar. Incentiveeffekten er ikkje like tydeleg som i open ramme.

Dei tre delane av inntekta som er nemnt over er råd å berekne på forhånd og lage ei framtidig berekning på. Det er større sikkerhet knytt til den historiske ramma og open ramme enn til lukka ramme. Ved berekning av prisane i lukka ramme er det lagt til grunn vekst i produksjonen av BOA-aktivitet og publiseringspoeng som er høgare enn LPK. I langtidsbudsjettet betyr det at dei fakulteta som opprettheld sine prestasjonar på desse områda vil få lågare inntekter. Dersom modellen fungerer som KD ynskjer vil det bli realiteten også.

I langtidsbudsjettet er det lagt opp til at fakulteta nyttar dei same satsane på LPK, effektiviserings- og strategikutt og berekning av indikatorane i open og lukka ramme.

Effekt av endringar 2016 mot 2017

I 2016 var det i berekninga presentert inntekter basert på utdanning og forskning, der utdanning var berekna med open ramme og forskning med lukka ramme. Det er i 2017 kalla open og lukka ramme då innhaldet ikkje lar seg dele i utdanning og forskning. I tabellen under er det ei oppstilling som viser korleis desse ser ut:

Område	2016	2017
Utdanning/open ramme	To indikatorar - Avlagte studiepoeng - Antal utvekslingsstudentar	Fire indikatorar - Avlagte studiepoeng - Antal utvekslingsstudentar - Avlagte grader - Avlagte doktorgrader
Forskning/lukka ramme	Fire indikatorar - Avlagte doktorgrader - Antal publiseringspoeng - Innbetalte kroner frå EU - Innbetalte kroner frå NFR	Fire indikatorar - Antal publiseringspoeng - Aktivitet EU - Aktivitet NFR - Øvrig BOA-aktivitet (utan gåver og gåveforsterking)

Tabellen viser at det på utdanning/open ramme har blitt tilført avlagte grader for å betre gjennomføringa av studieprogram. For å finansiere denne indikatoren har satsane på studiepoeng

gått ned, der tanken er at ein studieplass skal ha den same finansieringa gjennom resultatbaserte inntekter som tidlegare.

Avlagte doktorgrader er flytta frå forskning til open ramme. Dette fører til at det er vanskelig å samanlikne utdanning med open ramme og forskning med lukka ramme i langtidsbudsjettet frå i fjor og i år. Dette er for mange fakultet ein betydelig storleik og det er ein stor fordel at den no er meir forutsigbar enn tidlegare.

I 2017 er inntekter basert på BOA utvida til å gjelde meir enn EU og NFR. Den samla utteljinga i på BOA i sektoren er ikkje endra stort, men det betyr at dei som har hatt stor utteljing på annan BOA-aktivitet har fått betre utteljing i den nye berekninga. På UiB har for eksempel UM fått større utteljing. EU er vekta noko meir opp i høve til dei andre. Det har tidlegare år blitt berekna inntekt på innbetalingar mens det frå 2017 er lagt til grunn aktivitet. Aktivitet er historisk sett meir stabil enn innbetalingar og fører til at inntekta blir ein meir forutsigbar storleik.

Samla sett for UiB hadde endringa i modell svært liten effekt på ramma for 2017.

Føresetnader kostnader

Det er laga ein modell for berekning av kostnader, men det er ikkje obligatorisk å bruke denne.

Husleigeauke er høgare enn vanleg kostnadsauke.